



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Fitjar kommune
Postboks 83
5418 Fitjar

Dato: 11.09.2023
Vår ref: 23/03566-2
Deres ref: 2022/1295-6426/2023

Fråsegn til varsel om planoppstart og høyring av planprogram for kommuneplanen sin arealdel for Fitjar kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 5. juli 2023.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekomstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting.

Viktige føringar for mineralressursar i planarbeid

Dei nyleg publiserte nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2023-2027, viser til at regional og kommunal planlegging er viktige verktøy for å sikre at verdifulle mineralførekomstar, som kan gi framtidig verdiskaping, ikkje blir bygd ned. Gjenbruk av overskotsmassar og andre mineralske ressursar av god kvalitet er eit viktig steg mot ein sirkulærøkonomisk bygg- og anleggsbransje. Gjenbruk kan redusere naturinngrep og kostnader og utslepp knytt til transport, avgrense deponering av massar på land og i sjø, og bidra til at grus- og pukkressursane varer lenger.

Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging:

- Fylkeskommunane og kommunane legger gjennom si areal- og samfunnsutvikling og verksemdsutøving til rette for omlegging til ein meir sirkulær økonomi, der ressursar og eksisterande bygg og anlegg kan nyttast lengst mogeleg
- Heilskapleg masseforvaltning blir avklart i regionale og kommunale planar. Planar for større bygge- og anleggsarbeid avklarar korleis overskotsmassar skal disponerast og korleis naudsynt areal til slik handtering skal sikrast



Om saka

Fitjar kommune har starta opp arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel. Planprogrammet omtalar korleis kommunen skal jobbe for å utarbeide arealdelen, medverknad, kva for hovudtema planen skal ta opp, kor det trengs meir kunnskap og kva for tema som skal konsekvensutgreiast. Berekraftsmåla til FN og de nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging skal ligge til grunn for arbeidet. Fitjar kommune beskriv ønskje om utvikling innan fleire område, blant anna sentrumsutvikling, fritidsbustad- og naustbygging, næring, havbruk, energiproduksjon samt infrastruktur og transport.

Fråsegn frå DMF

Slik vi uttalte i våre fråsegn til samfunnsdelen 03.04.2019 har Fitjar kommune fleire førekomstar av grus og pukk av lokal betydning. Kommunen har og fleire punktregistreringar med metallar, og to registrerte førekomstar av blokkstein. DMF si digitale kartløyising¹ visar at kommunen ikkje har registrerte massetak i drift. DMF er kjent med at det går føre seg planprosessar på ytterlegare to masseuttak: Levåg steinbrot og Sandvikvåg næringspark. Tiltakshavar ved Levåg steinbrot har òg søkt driftskonsesjon for uttaket.

DMF forventar at planbeskrivinga omtalar om det er viktige førekomstar i kommunen og korleis arealføremålet råstoffutvinning skal brukast. I konsekvensvurderingane av ny arealbruk må det hentast inn informasjon om førekomstar som ikkje er verdivurderte kan vere viktige.

Forvaltninga av mineralressursar inneber at kommunen i arealdelen vurderer korleis eksisterande og ny arealbruk påverkar tilgang til mineralske førekomstar i dag og for kommande generasjonar. Dei forskjellige typene mineralske ressursar, uttak i masseuttak og gruver, og andre mineralinteresser kan stille ulike krav til korleis arealdelen skal formast.

Der er store lokale og regionale forskjellar i tilgang til mineralressursar. Behovet for mineralressursar kan samtidig knytes til alt frå lokal byggeaktivitet til storskala gruvedrift mot ein global marknad. Det kan vere næringsinteresser knytt til utnyttinga av mineralressursar, både direkte ved det enkelte masseuttak og indirekte ved ulike typar industriell vidareforedling av ressursane. Tilgangen på byggeråstoffar er i mange tilfelle avgjerande for å kunne realisere planlagde utbyggingstiltak. Det er viktig at kommunen vurderer om uttak av ressursar lokalt, spesielt byggeråstoffar, også er viktige regionalt. Fordi det ikkje er etablerte uttak, har Fitjar kommune har ifølge DMF si levetidsanalyse av byggeråstoff i Noreg² og DMF si ressursregnskap for byggeråstoff³ 0 års levetid for både sand/grus og for knust fjell. Det betyr at behovet for ressursar i kommunen hentast utanfor kommunen eller frå anna verksemd som der massar kan oppstå, til dømes bygg- og anleggsverksemd.

¹ <https://minit.dirmin.no/kart/>

² Levetidsanalyse av byggeråstoff i Norge:

<https://dirmin.no/tema/ressursforvaltning/levetidskart-byggerastoff>

³ DMFs ressursregnskap for byggeråstoff: <https://dirmin.no/tema/ressursforvaltning/dmfs-ressursregnskap-byggerastoff>



Arealbruk for mineralske førekomstar og masseuttak

DMF har gått igjennom korleis kjente uttak i vårt uttaksregister er satt av i gjeldande kommuneplan:

- Levåg steinbrot er i dagens plan regulert til LNFR område, men er i ferd med å bli regulert til råstoffutvinning.
- Sandvikvågen næringspark er i dagens plan regulert delvis til LNFR område og delvis til framtidig næringsverksemd.

Områdar der det skal bli drive masseuttak i planperioden bør bli sett av til *noverande råstoffutvinning* i plankartet. Områdar der det er planlagt masseuttak som ikkje er påbegynt, eller område for utviding av eksisterande masseuttak, bør bli sett av til framtidig råstoffutvinning, og vist i plankartet med ytre grenser for framtidig uttak⁴.

Omsynssonar

Kommunen bør vurdere å nytte omsynssone H590, jf. plan- og bygningsloven §11-8 c)⁵ for områder med registrerte førekomstar med mineralske ressursar som kan vere aktuelle for framtidig utvinning. Hensikten med ein slik omsynssone kan vere å syte for at det ikkje setes i verk utbygging eller tiltak som kan gjere det vanskeleg å utvinne mineralressursen på eit seinare tidspunkt. Kommunen kan også vurdere å nytte omsynssone på areal omkring eksisterande masseuttak der det ikkje er registrert ein mineralførekomst for å gjere det mogleg å utvide uttaket og unngå konflikt med andre arealinteressar.

Konsekvensutgreiing

DMF kan ikkje sjå i planprogrammet at mineralressursar er lagt inn som tema for konsekvensutgreiinga.

I arbeidet med arealdelen må kommunen identifisere vesentlege verkingar av forslag til endra arealbruk på viktige mineralressursar *jf. Forskrift om konsekvensutredninger § 21*. I dette arbeidet må *grus- og pukkdatabasen⁶* og *mineralressursdatabasen⁷* frå NGU og DMF sitt kartgrunnlag bli lagt til grunn for utgreiing av arealinnspel. Datasett med førekomstane kan lastas ned frå GeoNorge sin kartkatalog⁸. DMF og NGU sine datasett distribuerast også som WMS-tenester, og kan leggest direkte inn i kommunen si eiga kartløyning.

For alle nye føremålsområde som kommer i nærheita av eller som rører ved mineralske førekomstar eller masseuttak, bør det gjerast ei vurdering av om dei legg hinder for ressursane i framtida. For masseuttak spesielt bør kommunen også vurdere

⁴ Veileder kommuneplanens arealdel:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/135bf8fa9f264d7b86700a7711863578/no/pdfs/h-2481-b-kommuneplanens-arealdel.pdf>

⁵ Hensynssone mineralressurser:

https://www.regjeringen.no/contentassets/2804283df64641cea321fdcdcac779f4/reguleringsplan_2022.pdf (s.129 og 130)

⁶ Datasett for grus og pukk:

<https://kartkatalog.geonorge.no/metadata/grus-og-pukk/a26e57bc-15bd-46db-8504-6c6ed1e7c501>

⁷ Datasett for mineralressurser: <https://kartkatalog.geonorge.no/metadata/mineralressurser-industrimineral-naturstein-og-metaller/5a887d78-07ef-44c6-8941-cb8017c6328c>

⁸ [Kartkatalogen \(geonorge.no\)](https://kartkatalogen.geonorge.no)



om endra arealbruk rører ved viktige utvidingsområde. Det er viktig at kommunen tar med i vurderinga at ressursar som ikkje nødvendigvis er vurdert som viktige i nærmaste planperiode, kan bli viktigare i framtida. Dersom kommunen vel arealbruk som beslaglegg område med ressursar, bør kommunen i tillegg vurdere om det finnst relevante avbøtande tiltak.

Førekomstlar som ikkje har fått ei verdivurdering av NGU kan innehalde ressursar som er eller kan bli viktige. Ved forslag om ny arealbruk som kan påverke desse, må det derfor bli henta inn informasjon som utgjer eit endeleg grunnlag for å avgjere om det rører ved nasjonale eller vesentlege regionalt viktige ressursar.

Føresegn i arealdelen

I utforminga av ny arealdel bør kommunen vurdere:

- Krav om reguleringsplan for nye, og utvidingar av, masseuttak som etter DMFs vurdering normalt vil falle innanfor:
 - Bygge- og anleggsformål under pbl § 11-7 punkt 1, herunder råstoffutvinning
 - Tiltak etter pbl § 20-1, herunder bokstav a) og k)
- Krav om reguleringsplan for nye, og utviding av masseuttak.
- Egne føringar for regulering av areal avsett til råstoffutvinning, knytt til utgreiing av landskapsverkingar, avbøtande tiltak undervegs i drift av masseuttak og ønsket etterbruk. Uttaksdjupne og -volum bør kunn fastsettast gjennom reguleringsplan dersom gode grunner taler for det.
- Krav om massehandteringsplan for planar eller tiltak som genererer overskotsmasser.

Klima og miljøperspektiv

DMF registrerer at det er lagt vekt på klima og miljø omsyn i planprogrammet punkt 5.9. God og langsiktig planlegging kan resultere i meir effektiv og klimavenleg utvinning av mineralressursar. På eit generelt grunnlag anbefalar DMF at det blir lagt opp til kortast moglege distansar for transport av byggjeråstoff. Dette er i tråd med dei nasjonale forventningane og er gunstig med tanke på klima- økonomi- og trafikktryggleikssyn. I denne samanhengen viser vi til mineralstatistikk som er tilgjengeleg på nettsidene våre⁹. Kapittelet om klima og miljø er særleg relevant.

I tillegg er det viktig at mineralske massar av god kvalitet gjenvinnes som byggjeråstoffar, der dette er mogleg. Dette kan redusere presset på grus- og pukkressursar og behovet for transport av massar. Ein heilskapleg vurdering av massehandtering i plansamheng kan vere eit nyttig verkemedel for å avklare dette.

⁹ https://dirmin.no/sites/default/files/harde_fakta_-_web_0.pdf



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verkøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleder

Kristina Elise Krøvel
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Kristina Elise Krøvel

Mottakarar:

Fitjar kommune

Postboks 83

5418 Fitjar

Kopi til: